

2019

KVARTALSRAPPORT 30.09.2019



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 1
SØRE SUNNMØRE



Tjønn ved Bondalseidet, foto: Håvard Myklebust

INNHALD

HOVUDTAL	04
RAPPORT FRÅ STYRET	06
RESULTAT	11
BALANSE	12
ENDRING I EIGENKAPITAL	13
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP	15
2. SEGMENTINFORMASJON	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR	17
4. MISLEGHOLD	18
5. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR	19
6. KAPITALDEKNING	23
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	25
8. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI	26
9. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN	27
10. INNSKOT FRÅ KUNDAR	27
11. LIKVIDITETSRISIKO	28
12. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR	29
13. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR	29
14. FINANSIELLE INSTRUMENT	30
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR	31

HOVUDTAL

RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017
Renteinntekter	80.516	70.432	65.466	62.717	59.089	58.307	56.685	58.743	59.764
Rentekostnader	37.990	34.365	29.725	27.098	24.739	24.420	22.980	23.256	23.272
Netto renteinntekter	42.526	36.067	35.740	35.620	34.350	33.887	33.705	35.487	36.493
Provisjonsinntekter	19.392	17.060	16.546	17.272	17.422	17.249	18.443	18.288	18.894
Provisjonskostnader	1.511	1.428	1.318	1.292	1.613	993	1.107	935	1.056
Andre driftsinntekter	1.455	2.646	1.055	1.088	1.055	1.280	2.229	1.109	1.182
Netto provisjons- og andre inntekter	19.335	18.278	16.284	17.067	16.864	17.535	19.565	18.462	19.019
Utbytte	68	5.050	220	500	-21	167	9.994	1.456	1
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	3.195	14.496	38.841	8.518	6.150	6.916	3.708	11.504	6.884
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	1.544	-4.314	36.483	1.392	237	8.385	386	-2.598	-1.771
Netto avk. på finansielle investeringar	4.807	15.233	75.544	10.410	6.366	15.467	14.088	10.362	5.114
Sum inntekter	66.669	69.578	127.568	63.097	57.581	66.890	67.358	64.310	60.626
Personalkostnader	16.840	15.373	16.924	16.975	15.156	19.214	16.181	11.266	15.451
Administrasjonskostnader	9.482	9.929	8.315	9.584	9.615	9.953	10.292	9.325	8.328
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.830	1.807	1.793	1.739	1.780	1.781	1.819	1.882	1.958
Nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-	-	-	-	-	-4.300	-
Andre driftskostnader	4.232	4.819	4.776	5.784	3.853	3.912	4.751	6.417	3.315
Sum driftskostnader	32.384	31.927	31.808	34.081	30.404	34.859	33.043	24.589	29.052
Resultat før tap	34.285	37.651	95.761	29.016	27.176	32.030	34.315	39.722	31.574
Nedskrivning aksjar	-	-	-	350	-	-	-	-	-
Tap på utlån, garantiar	6.118	7.081	1.367	853	5.224	902	3.098	-2.613	5.541
Resultat før skatt	28.167	30.570	94.394	27.813	21.953	31.128	31.217	42.334	26.033
Skattekostnad	5.800	3.300	14.000	5.092	4.000	4.825	4.000	2.077	4.650
Resultat for perioden	22.367	27.270	80.394	22.722	17.953	26.303	27.217	40.258	21.383

HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017
Lønsemid									
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	6,63 %	8,76 %	27,51 %	7,10 %	5,75 %	9,27 %	10,22 %	14,70 %	8,20 %
Kostnadsprosenten ²⁾	48,6 %	45,9 %	24,9 %	54,0 %	52,8 %	52,1 %	49,1 %	38,2 %	47,9 %
Rentenetto i prosent av GFK ⁷⁾	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %	1,47 %	1,48 %	1,56 %	1,62 %	1,67 %
Resultat etter skatt GFK	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %	0,78 %	1,20 %	1,27 %	1,85 %	1,01 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)									
Brutto utlån til kundar	8.944	8.794	8.384	8.114	7.890	7.699	7.440	7.345	7.320
Brutto utlån til kundar inkl. overført til KF ³⁾	11.393	11.235	10.822	10.550	10.308	10.120	9.900	9.771	9.710
Innskot frå kundar	7.034	7.137	6.722	6.454	6.396	6.275	5.950	5.838	5.703
Innskotsdekning	78,6 %	81,2 %	80,2 %	79,5 %	81,1 %	81,5 %	80,0 %	79,5 %	77,9 %
Innskotsdekning inkl. overført til KF ³⁾	61,7 %	63,5 %	62,1 %	61,2 %	62,1 %	62,0 %	60,1 %	59,8 %	58,7 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	13,36 %	14,22 %	12,69 %	10,47 %	7,78 %	6,42 %	6,95 %	5,76 %	4,37 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til KF ³⁾	10,53 %	11,03 %	9,32 %	7,97 %	6,15 %	5,26 %	6,15 %	4,77 %	3,98 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	9,97 %	13,74 %	12,97 %	10,55 %	12,15 %	5,74 %	5,72 %	3,57 %	2,55 %
Forvaltningskapital	10.180	10.282	9.794	9.271	9.180	9.061	8.729	8.611	8.544
Forvaltningskapital inkl. overført til KF ³⁾	12.629	12.724	12.232	11.706	11.598	11.482	11.188	11.037	10.934
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	10.057	9.713	9.527	9.247	9.184	8.762	8.668	8.649	8.409
Tap og misleghald									
Tapsprosent utlån ⁴⁾	0,27 %	0,33 %	0,07 %	0,04 %	0,26 %	0,05 %	0,17 %	-0,14 %	0,30 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,48 %	0,61 %	0,65 %	0,66 %	0,62 %	0,66 %	0,73 %	0,81 %	0,86 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,08 %	0,08 %	0,16 %	0,08 %	0,21 %	0,22 %	0,22 %	0,21 %	0,74 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til KF ^{3) 4)}	0,21 %	0,26 %	0,05 %	0,03 %	0,20 %	0,04 %	0,13 %	-0,11 %	0,23 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,37 %	0,47 %	0,50 %	0,51 %	0,48 %	0,50 %	0,55 %	0,61 %	0,65 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF ^{3) 4)}	0,06 %	0,06 %	0,12 %	0,06 %	0,16 %	0,16 %	0,17 %	0,16 %	0,56 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner)									
forholdsmessig									
Rein kjernekapitaldekning	16,8 %	16,1 %	15,6 %	16,3 %	16,2 %				
Kjernekapitalsprosent	17,8 %	17,1 %	16,6 %	17,3 %	17,4 %				
Kapitaldekning	21,1 %	19,7 %	19,2 %	20,1 %	20,4 %				
Rein kjernekapital	1.105	1.049	1.003	1.032	1.016				
Kjernekapital	1.171	1.114	1.067	1.100	1.095				
Ansvarleg kapital	1.385	1.281	1.234	1.274	1.285				
Risikovekta balanse	6.567	6.504	6.441	6.351	6.287				
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,3 %	7,9 %	7,9 %	8,5 %	8,4 %				
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	166 %	192 %	177 %	146 %	207 %	195 %	219 %	226 %	266 %
Bemanning									
Tal på årsverk	66,5	66,5	65,5	62,5	61,2	62,2	69,7	69,2	68,2
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	2,14	7,13	4,60	2,63	1,38	4,00	2,66	1,72	-
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	112.500	112.500	112.500	118.449	108.753	108.753	108.753	110.273	100.193
Eigenkapitalbevisbrøk i %	11,0 %	11,0 %	10,9 %	11,4 %	11,4 %	11,4 %	11,3 %	11,6 %	10,8 %
FORHALDSTAL I % AV GFK									
(Tal i heile tusen kroner)	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017
Rentenetto i prosent av GFK ⁷⁾	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %	1,47 %	1,48 %	1,56 %	1,62 %	1,67 %
Resultat etter skatt GFK	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %	0,78 %	1,20 %	1,27 %	1,85 %	1,01 %

1) Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK).
Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.

2) Sum driftskostnader i % av sum inntekter.

3) Kredittforetak(KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.

4) Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

5) Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.

6) Tal er for morbank.

7) Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

RAPPORT FRÅ STYRET

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 30.09.19 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda, Samarbeidende Sparebanker AS, på 7,82 prosent konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer rekneskapen etter IFRS. Alle tal i kvartalsrekneskapen er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarende periode i fjor.

Konsernet har 67 tilsette ved utgangen av 3. kvartal - til saman utgjør dette 66,5 årsverk. Justert for sluttavtaler som går ut i løpet av 2020, er tal på årsverk 61,5.

Resultat

Perioden 01.07.2019 – 30.09.2019

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit konsernresultat før tap og skatt i kvartalet på 28,2 mill. kr mot 22 mill. kr i same periode i fjor. Banken leverer høgare renteinntekter på eit større utlånsvolum, samstundes som driftskostnadane er lågare samanlikna med same periode i fjor. Netto renteinntekter auka med 8,2 mill. kr mot same periode i fjor til 42,5 mill. kr.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,68 prosent mot 1,47 prosent i same kvartal i fjor. Utlånsmarginen har gjennom året vore under press frå ei jamt stigande pengemarknadsrente som har auka fundingkostnaden til banken. Dette har vorte motverka ved å gjennomføre rentehevingar på utlån og innskott med inntil 0,25 prosent. Totalt sett, i tillegg til positivt effekt frå auken i utlånsvolum, har dette auka rentenettoen.

I kvartalet vart det sett av 6,1 mill. kr til tap på utlån og garantiar på mot 5,2 mill. kr same periode i fjor.

Avkastninga på eigenkapitalen i 3. kvartal 2019 vart 6,6 prosent mot 5,8 prosent i tilsvarende periode i fjor.

Resultatet hittil i år


Perioden 01.01.2019 – 30.09.2019

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit konsernresultat før skatt på 153,1 mill. kr mot 84,2 mill. kr i same periode i fjor.

Eigenkapitalavkastninga hittil i år er 14,1 prosent mot 8,4 prosent i tilsvarende periode i fjor.

Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter


Prosentvis fordeling av totale driftsinntekter



Netto renteinntekter utgjør 114,3 mill. kr mot 101,9 mill. kr i tilsvarende periode i 2018. Banken leverer auke i utlånsvolumet i begge segment, og bedriftsmarknaden bidreg med høgare marginar enn utlån til privatmarknaden.

Norges Bank har heva styringsrenta tre gongar hittil i år og i samband med dette har pengemarknadsrenta også fortsett å auke gjennom 2019. Dette medfører høgare prisar på innlån til banken og sett press på lønnsmeda. Det er sterk konkurranse både på utlån- og innskotssida noko som også bidreg til press på marginane.

Netto renteinntekter og provisjonar frå kredittforetak, i mill. kr.



Netto provisjonsinntekter og andre inntekter var 53,9 mill. kr i perioden mot 54 mill. kr tilsvarende periode i 2018. Provisjonsinntekter frå andre banktenester aukar frå foregåande år, medan lågare provisjon frå lån overført til boligkreditt motverkar dette bidraget

Netto avkastning på finansielle eignelutar er 95,6 mill. kr mot 35,9 mill. kr i tilsvarende periode i 2018. Bakgrunnen for auka er sal av aksjar i BN Bank og auke i inntekter frå eigarinteresser i felleskontrollert verksemd, som hovudsakleg er knytte til oppgjer i samband med forsikringsfusjonen i selskapet Fremtind.

Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS var 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen av SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS.

I transaksjonsavtalen blei det lagt til grunn eit bytteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Gruppen AS og 20 prosent for DNB ASA. Dette bytteforholdet baserte seg på ein framforhandla marknadsværdi av dei to skadeforsikringsselskapa, inklusive verdien av personrisikoprodukta i den planlagde fisjonen. Det blei vidare avtalt at DNB i 2019 skulle kjøpe seg opp til ein eigarandel på 35 prosent i selskapet. DNB har vidare opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigarandel. Samla sett så auka eigenkapitalen for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå med ca. 4,7 milliardar kroner. Majoriteten (SpareBank 1-bankane og LO) sin andel av denne auken er ca. 2,4 milliardar kroner. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av denne auken (1,5 prosent) utgjer ca. 36 millionar kroner og er ført som inntekter av eigarinteresser i konsern i første kvartal 2019 (ingen effekt på morbank).

SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) har fått ein skattefri gevinst på ca. 1,7 milliardar kroner (andel av dei 2,4 milliardar kroner over) som følge av nedsalet. Gevinsten er utbetalt som ekstraordinært utbytte til eigarane frå SpareBank 1 Gruppen AS 29. mars 2019. Utbytte er utbetalt til Samarbeidende Sparebanker AS 29. mars 2019 og blei utbetalt til eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker AS i andre kvartal 2019. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av dette utbyttet utgjer ca. 26 millionar kroner, og er blitt ført som inntekter av eigarinteresser i morbank i andre kvartal 2019.

Fremtind Forsikring AS har fått løyve av Finanstilsynet til å drive livsforsikringsverksemd gjennom det heileigde dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS. Etableringa av Fremtind Livsforsikring vil gjennomførast ved fisjon av egedelar og forpliktelsar frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Fisjonen er venta gjennomført per 1. januar 2020. I avtalen som blei inngått mellom SpareBank 1 Gruppen AS og DNB ASA 24. september 2018, var det lagt til grunn ein samla verdi av personrisikoområdet på 6,25 mrd. Kroner. Fisjonen vil medføre ein auka eigenkapital for SpareBank 1 Gruppen

på konsernnivå. Majoriteten (SpareBank 1 – bankane og LO) sin andel av denne auken er ca 1,7 mrd. Kroner. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av denne auken (1,53 prosent) utgjer ca. 26 mill. kroner og vil inntektsførast i første kvartal 2020.


SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) vil få ein skattefri gevinst på ca. 950 mill. kroner som følge av denne transaksjonen. SpareBank 1 Gruppen AS sitte utbyttegrunnlag aukar tilsvarende denne gevinsten. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av eit eventuelt utbytte på ca. 950 mill. kroner (1,53 prosent), utgjer ca. 14,5 mill. kroner.

Eit eventuelt ekstraordinært eller ordinært utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS vil vere betinga av kapital-situasjonen, vedtak i selskapet sitt styrande organ og regelverket for ekstraordinært utbytte for finansforetak på det aktuelle tidspunktet.

Det presiserast at tall og beregningar er basert på verdi-verdivurdering og produktporteføljer per september 2018, og at det kan bli endringar i tallane når nemnde fisjonsprosess er gjennomført.

Driftskostnader

Driftskostnader i mill. kr og kostnader i prosent av totale inntekter



Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 36,4 prosent per 30.09.2019 mot 51,2 prosent for tilsvarende periode i fjor.

Driftskostnadene i konsernet er reduserte med 2,2 mill. kr samanlikna med same periode i fjor, og utgjer 96,1 mill. kr. Av dette utgjer reduksjon i administrasjonskostnader 2 mill. kr. Reduksjonen kjem som følge av lågare kostnader på innkjøp frå underleverandørar og frå alliansen

samanlikna med same periode i 2018. Personalkostnadene er redusert med 1,5 mill. kr samanlikna med same periode i 2018. Nedgangen skuldast avsetningar som vart gjort i samband med sluttpakkar i 2018.

Tap og misleghald

Med verknad frå 01.01.2018 er IFRS 9 for måling av tap teken i bruk. For ei nærare skildring av IFRS 9, viser vi til årsrekneskapen for 2018. Innføringa av ny tapsmodell etter IFRS 9 medfører noko auka volatilitet i tapsavsetnader.

Resultatrekneskapen er belasta med 14,6 mill. kr i tap på utlån og garantiar mot 9,2 mill. kr i tilsvarande periode i 2018. Annualisert utgjer dette 0,16 prosent av brutto utlån ved utgangen av 3. kvartal 2019.

Brutto misleghaldne engasjement er på 42,7 mill. kr mot 49,2 mill. kr i same periode i 2018, og utgjer 0,48 prosent av brutto utlån mot 0,63 prosent same periode i 2018. Andre tapsutsette engasjement utgjorde 7,1 mill. kr mot 16,7 mill. kr i same periode i 2018, og tilsvarar 0,08 prosent av brutto utlån.

Tett oppfølging av kundar og førebyggjande arbeid er framleis viktige verkemiddel for å oppretthalde ein god risikoprofil i utlånsporteføljen for å redusere framtidige tap.

Balanse


Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 10.179,8 mill. kr og har auka med 1.000 mill. kr sidan årsskiftet.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 12.629,4 mill. kr og har auka med 1.031 mill. kr sidan årsskiftet.

Utlån

Brutto utlån i mill. kr eigen balanse og 12 mnd. vekst




Den positive veksten i utlånsvolumet fortsett. 12 – månaders veksten er på 13,4 prosent som gir ein auke i utlån på 1.054,3 mill. kr (569,2 mill. kr).

Banken plasserer delar av bustadlåna i SpareBank 1 Boligkreditt og delar av næringslåna på eigedom i SpareBank 1 Næringskreditt. Ved kvartalsskiftet utgjer denne porteføljen høvesvis 2.292 mill. kr (157,6 mill. kr).

Brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er soleis på 11.393,4 mill. kr (10.307,8 mill. kr).

Brutto utlån i mill. kr inkl. kredittføretaka og 12 mnd. vekst



Veksten i utlån for personmarknaden inkludert SpareBank 1 Boligkreditt siste 12 månader, har vore på 761,6 mill. kr (584 mill. kr) som tilsvarar ein vekst på 8,7 prosent (7,2 prosent), medan bedriftsmarknad inkludert SpareBank 1 Næringskreditt har auka med 324 mill. kr (13 mill. kr) som tilsvarar ein auke på 20,8 prosent (0,9 prosent).

Innskot

Innskot er auka med 637,8 mill. kr (693 mill. kr) siste 12 månader til 7.034,1 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette tilsvarar ein vekst på 10 prosent (12,2 prosent). Innskot frå personkundar er auka med 268,8 mill. kr (215,0 mill. kr) til 4.160,1 mill. kr som tilsvarar 6,9 prosent (5,9 prosent) siste 12 månader. Innskot frå bedriftsmarknaden er auka med 369,0 mill. kr (478 mill. kr) til 2.874,0 mill. kr siste 12 månader, noko som tilsvarar ein auke på 14,7 prosent (23,6 prosent).

Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern finansiering.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.640 mill. kr. Av dette har 250 mill. kr løpetid under 1 år, 805 mill. kr løpetid mellom 1 og 3 år, og 575 mill. kr løpetid over 3 år.

Innskotsdekninga er 78,6 prosent (81,1 prosent) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 166 prosent ved utgangen av kvartalet (207 prosent).

Soliditet

Banken nyttar standardmetoden for å rekne ut kapitaldekninga. Dette inneber isolert sett ei meir konservativ måling av risiko enn kva som er tilfelle ved å nytte interne kredittrisikomodellar. I tillegg til å utarbeide kapitaldekning på morbanknivå, reknar banken også forholdsmessig konsolidering av samarbeidande grupper ved utarbeidinga av kapitaldekninga.

I 2017 gjorde Finanstilsynet vedtak om Pilar 2-tillegg på 3,1 prosent gjeldande frå 31.12.2017. Minimumskravet til rein kjernekapital er 15,1 prosent. Rein kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering er 16,8 prosent ved utgangen av 3. kvartal 2019 og over dei regulatoriske kapitalkrava for rein kjernekapital. Kjernekapital og kapitaldekningar på høvesvis 17,8 prosent og 21,1 prosent.

Rein kjernekapital for morbanken er 17,1 prosent ved utgangen av kvartalet.

Eigenkapitalbevis

Ved utgangen av tredje kvartal 2019 har banken 405 eigenkapitalbevisegarar. Dei 20 største eigarane eig 50,5 prosent av eigenkapitalbevisa til banken.

Utsiktene framover

Det har vore 3 år med god vekst i norsk økonomi. Dette har vore dreve av oppgang internasjonalt, forbetra konkurransevne for eksportretta bedrifter, auka investeringar på norsk sokkel og låge renter. BNP for Fastlands-Noreg er venta å auke med 2,7 prosent i år. Kapasitetsutnyttinga – kor mykje av dei samla ressursane i økonomien som er i bruk – er venta å auke vidare i 2019 og avta mot eit normalt nivå i slutten av 2022. Det er forventta fall i investeringar på norsk sokkel, lågare vekst internasjonalt og mindre ekspansiv penge- og finanspolitikk i Noreg bidreg også til lågare vekstutsikter framover.

NAV meldar at den positive utviklinga i nedgongen i arbeidslause i Møre og Romsdal fortsett også i september. Søre Sunnmøre som vart spesielt råka av nedturen i oljerelatert sektor og som fortsatt opplev utfordringar i maritim industri, har til trass for dette sett ein nedgong på 17 prosent det siste året. Arbeidsløysa i Ørsta og Volda er stabilt låg, og totalt under landsgjennomsnittet.

Utviklinga i bustadmarknaden i marknadsområdet til banken er stabil og ein har ikkje opplevd den store prisveksten som i større byar. I takt med regionen for øvrig har omsetningstida på sal av private bustadar auka.

I «Konjunkturbarometeret 2019 for Møre og Romsdal og Trøndelag» utarbeida i samarbeid med SpareBank 1 Søre Sunnmøre og andre SpareBank 1 bankar er det framover venta moderat inntektsvekst i hushaldningane. Ei flat utvikling i disponibel inntekt vil kunne medføre moderat forbruksvekst og konsum. Gjeldsveksten er også venta å avta noko som leier til lågare kredittvekst og mogleg lågare utlånsvekst for banknæringa.

Det er god bransjespreiing i næringslivet i marknadsområdet til banken. Ei fortsatt svak krone er gunstig for eksportindustrien. Imidlertid verkar svak vekst ute hos handelspartnerar negativt inn på eksporten. Det er venta fortsatt god lønnsemd for aktørar innan både fiskeri og havbruk. Innan offshore er det positive teikn for enkelte segment, men ratene vert pressa av overskot på tilbodssida. Investeringane på norsk sokkel er venta å flate ut noko som vil medføre at veksten i etterspørselsida vil stogge. For leverandørar til maritim industri vil marknaden fortsett vere krevande med press på lønsemda.

Det er sterk konkurranse i marknaden for utlån og innskot. Banken er konkurransedyktig og har hatt god vekst i person- og bedriftsmarknaden. Banken ser for seg ein utlånsvekst i overkant av marknadsveksten for 2019.

Totalt sett er utsiktene gode i banken sitt primærområde, og vi vurderer at det ligg til rette for ei god utvikling også i siste kvartal av 2019.

Volda, 8. november 2019
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre




Kjell Arvid Storeide
Styreleiar




Ole Reinhart Notø
Nestleiar




Mona Ryste
Styremedlem




Kjersti Kleven
Styremedlem



Arild Hatløy
Styremedlem




Bente Fylken
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsettere representant



Møyfrid Lillenes
Tilsettere representant



Stig Brautaset
Administrerende direktør

RESULTAT

MORBANK					KONSERN						
2018	3. kvartal 2018	30.09. 2018	3. kvartal 2019	30.09. 2019	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09. 2019	3. kvartal 2019	30.09. 2018	3. kvartal 2018	2018
224.580	57.380	165.202	76.379	204.698	Renteinntekter målt til amortisert kost		203.016	75.771	162.214	55.299	220.550
16.248	3.790	11.867	4.745	13.397	Renteinntekter målt til verkeleg verdi		13.397	4.745	11.867	3.790	16.248
101.251	26.232	73.632	38.037	102.225	Rentekostnader		102.080	37.990	72.139	24.739	99.237
139.578	34.939	103.438	43.087	115.870	Netto renteinntekter		114.334	42.526	101.942	34.350	137.562
70.386	17.422	53.114	19.392	52.998	Provisjonsinntekter		52.998	19.392	53.114	17.422	70.386
5.005	1.613	3.713	1.511	4.257	Provisjonskostnader		4.257	1.511	3.713	1.613	5.005
894	162	634	170	1.661	Andre driftsinntekter		5.157	1.455	4.434	1.055	5.651
66.275	15.972	50.035	18.050	50.402	Netto provisjons- og andre inntekter		53.897	19.335	53.836	16.864	71.032
32.548	-21	32.548	68	57.226	Utbytte		5.339	68	10.140	-21	10.640
-	-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		56.533	3.195	16.773	6.150	25.291
10.351	187	8.958	1.544	33.713	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		33.713	1.544	9.008	237	10.401
42.898	166	41.506	1.612	90.940	Netto avk. på finansielle investeringar		95.585	4.807	35.921	6.366	46.331
248.751	51.077	194.978	62.749	257.212	Sum inntekter		263.815	66.669	191.699	57.581	254.926
67.357	15.099	50.459	16.776	48.950	Personalkostnader		49.136	16.840	50.552	15.156	67.527
39.444	9.621	29.860	9.482	27.726	Administrasjonskostnader		27.726	9.482	29.860	9.615	39.444
5.103	1.277	3.884	1.676	4.968	Avskrivningar av varige driftsmidlar		5.429	1.830	5.379	1.780	7.118
-	-	-	-	-	Gevinst sal/Nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-	-	-
16.294	3.711	11.497	3.494	11.387	Andre driftskostnader		13.828	4.232	12.516	3.853	18.300
128.198	29.708	95.699	31.428	93.030	Sum driftskostnader		96.119	32.384	98.307	30.404	132.388
120.553	21.369	99.279	31.321	164.181	Resultat før tap		167.696	34.285	93.392	27.176	122.537
7.223	-	6.873	-	-	Nedskrivning aksjar		-	-	-	-	350
10.076	5.224	9.224	6.118	14.566	Tap på utlån, garantiar	5	14.566	6.118	9.224	5.224	10.076
103.254	16.146	83.183	25.203	149.616	Resultat før skatt		153.131	28.167	84.169	21.953	112.111
17.917	4.000	12.825	5.800	23.100	Skattekostnad		23.100	5.800	12.825	4.000	17.917
85.337	12.146	70.358	19.403	126.516	Resultat for perioden		130.031	22.367	71.344	17.953	94.194
85.337	12.146	70.358	19.403	126.516	Utvida resultatrekneskap		130.031	22.367	71.344	17.953	94.194
-	-	-	-	-	Resultat for rekneskapsperioden		-	-	-	-	-
-	-	-	-	-	Verdiendring aksjeinvesteringar tilgjengeleg for sal		-	-	-	-	-
-	-	-	-	-	Verdiendring renter fondsobligasjon		-	-	-	-	-
735	-	-	-	-	Årets estimatavvik pensjonar		-	-	-	-	744
-184	-	-	-	-	Skatteeffekt av estimatavvik pensjonar		-	-	-	-	-184
85.888	12.146	70.358	19.403	126.516	Totalresultat for perioden		130.031	22.367	71.344	17.953	94.754

BALANSE

MORBANK			KONSERN				
31.12.2018	30.09.2018	30.09.2019	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09.2019	30.09.2018	31.12.2018
			Eignelutar				
35.842	38.588	38.060	Kontantar og fordringar på sentralbanken		38.060	38.588	35.842
219.453	369.824	291.259	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	7	291.259	369.824	219.453
8.176.938	7.952.541	9.006.865	Utlån til og fordringar på kundar	3, 7, 8	8.943.835	7.889.511	8.113.907
5.951	3.757	10.277	Individuelle nedskrivningar	5	10.277	3.757	5.951
27.909	29.971	36.545	Forventa tap på utlån	5	36.545	29.971	27.909
8.143.078	7.918.813	8.960.044	Netto utlån til kundar	3	8.897.013	7.855.782	8.080.047
1.566	1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566	1.566
190.412	190.005	176.182	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	7, 8	176.182	190.005	190.412
406.442	399.793	462.361	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	7, 8	462.361	399.793	406.442
81.317	81.317	77.381	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	7	133.524	148.736	157.254
3.000	3.000	15.120	Investering i konsernselskap	7	-	-	-
2.749	1.246	2.749	Utsett skattefordel		2.749	1.246	2.749
41.076	42.160	56.912	Varige driftsmidlar		148.488	122.585	121.208
52.099	46.653	23.209	Andre eignelutar		23.571	46.726	52.278
4.492	5.207	5.016	Forskotsbet. kostnader og oppt.inntekter		5.036	5.265	4.775
9.181.526	9.098.172	10.109.859	Sum eignelutar		10.179.809	9.180.117	9.272.025
			Gjeld				
2.636	3.224	4.038	Innskot frå kredittinstitusjonar	7	4.038	3.224	2.636
6.457.037	6.399.584	7.036.235	Innskot frå og gjeld til kundar	7, 10	7.034.077	6.396.263	6.454.385
1.371.606	1.367.953	1.639.967	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7, 9	1.639.967	1.367.953	1.371.606
89.646	79.093	59.704	Anna gjeld	5	60.194	79.670	90.256
-	-	-	Utsett skatt		-	-	-
7.527	8.318	11.116	Påkomne kostnader og forsk.bet. inntekter		11.116	8.318	7.527
15.157	14.064	11.218	Avsetjing til forpliktingar		11.218	14.064	15.157
150.426	150.402	150.485	Ansvarleg lånekapital	7, 9	150.485	150.402	150.426
8.094.035	8.022.639	8.912.762	Sum gjeld		8.911.094	8.019.894	8.091.993
			Eigenkapital				
100.000	100.000	100.000	Eigardelskapital	12	100.000	100.000	100.000
193	193	193	Overkursfond		193	193	193
18.307	8.560	12.307	Utjæmningsfond		12.307	8.560	18.307
895.613	832.879	895.613	Sparebankfondet	6	895.613	832.879	895.613
21.896	14.050	13.098	Gåvefond		13.098	14.050	21.896
1.482	1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
-	-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		56.143	67.419	75.937
-	68.370	124.405	Annan eigenkapital		139.880	85.641	16.605
50.000	50.000	50.000	Hybridkapital	7	50.000	50.000	50.000
1.087.491	1.075.533	1.197.097	Sum eigenkapital	6	1.268.715	1.160.224	1.180.033
9.181.526	9.098.172	10.109.859	Forvaltningskapital		10.179.809	9.180.117	9.272.025
			Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/ Næringskreditt				
11.617.158	11.516.472	12.559.434	Garantiansvar		12.629.384	11.598.417	11.707.657
236.237	240.089	239.574	Deponert i Norges Bank		239.574	240.089	236.237
-	-	-			-	-	-

ENDRING I EIGENKAPITAL

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	-	-	1.482	50.000	1.004.813
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippending tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Delårsresultat	-	-	65.591	9.747	10.000	-	-	-	-	85.337
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	-	-	1.482	50.000	1.087.491
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.798	-	-	-	-	-8.798
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-2.110	-	-	-2.110
Delårsresultat	-	-	-	-	-	-	126.516	-	-	126.516
Eigenkapital per 30.09.2019	100.000	193	895.613	12.307	13.097	-	124.405	1.482	50.000	1.197.097

KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	73.054	10.522	1.482	50.000	1.088.388
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Korreksjon årsresultat	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippending tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Resultat for rekneskapsåret	-	-	65.591	9.747	10.000	2.883	6.084	-	-	94.305
Eigenkapital per 31.12.2018	100.000	193	895.613	18.307	21.896	75.937	16.605	1.482	50.000	1.180.033
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-	-6.000
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.798	-	-	-	-	-8.798
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV/TS	-	-	-	-	-	-24.440	-	-	-	-24.440
Prinsippending tap IFRS9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-2.110	-	-	-2.110
Delårsresultat	-	-	-	-	-	4.645	125.385	-	-	130.031
Eigenkapital per 30.09.2019	100.000	193	895.613	12.307	13.098	56.143	139.880	1.482	50.000	1.268.715

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK				KONSERN		
2018	30.09.2018	30.09.2019	(Tal i heile tusen kroner)	30.09.2019	30.09.2018	2018
103.254	83.183	149.616	Delårsresultat før skatt	153.131	84.187	112.111
			Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	-56.533	-	-
5.102	3.884	4.968	+ av- og nedskrivningar	5.429	5.379	7.118
10.076	9.224	14.566	+ Tap på utlån/garantiar	14.566	9.224	10.076
-	-3.075	-	- Gåver	-	-3.075	-
-17.917	-12.825	-23.100	- Betalbar skatt	-23.100	-12.825	-17.917
100.515	80.390	146.049	Tilført frå årets verksemd	93.493	82.891	111.388
-30.372	-29.580	28.367	Reduksjon/(auke) andre fordringar	28.446	-33.676	-35.723
41.214	32.956	-29.942	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	-30.061	33.061	41.353
5.209	-	-3.939	Auke/(reduksjon) pensjonsforplikting	-3.939	-	5.183
-13.153	4.116	3.589	Auke/(reduksjon) forpliktingar	3.589	4.090	-13.091
2.899	7.493	-1.925	Likviditetsendring i resultatrekneskapen	-1.966	3.475	-2.278
-790.522	-575.481	-831.532	Reduksjon/(auke) utlån	-831.532	-575.481	-790.522
158.546	8.174	-71.807	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/sentralbank	-71.807	8.174	158.546
618.010	560.557	579.198	Auke/(reduksjon) innskot kundar	579.693	557.826	615.948
-126	462	1.401	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	1.401	462	-126
35.099	35.506	14.229	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	14.229	35.506	35.099
124.421	117.101	-164.386	A) Netto likviditetsendring frå verksemd	-216.488	112.853	128.054
-8.811	-7.815	-20.804	Brutto investeringar bygningar/driftsmidlar	-32.709	-7.950	-9.551
-	-	-	Avgang bygningar/driftsmidlar	-	5.622	6.862
6.873	6.873	-8.184	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	23.730	5.635	-2.883
-29.997	-23.348	-55.919	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-75.713	-23.348	-29.997
-31.935	-24.290	-84.906	B) Netto likviditetsendring investeringar	-84.691	-20.041	-35.569
426	402	58	Auke ansvarleg lånekapital	58	402	426
-	-	-	Emisjon av eigenkapitalbevis	-	-	-
-2.660	3.438	-16.908	Endringar direkte mot eigenkapital	34.979	3.438	-2.660
-94.951	-98.604	268.361	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	268.361	-98.604	-94.951
-97.184	-94.764	251.511	C) Netto likviditetsendringar finansiering	303.398	-94.764	-97.185
-4.698	-1.952	2.219	A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	2.219	-1.952	-4.699
40.540	40.540	35.842	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	35.842	40.540	40.540
35.842	38.588	38.060	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	38.060	38.588	35.842
-4.699	-1.952	2.219	Endring	2.219	-1.952	-4.699

NOTAR

Note 1

Rekneskapsprinsipp

1.1 Grunnlag for utarbeiding

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 30.06.2019 - 30.09.2019. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle dei rekneskapsprinsipp konsernet har lagt til grunn ved avlegginga av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2018. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp utover bruken av IFRS 16 sidan årsrekneskapen for 2018.

1.2 Segmentrapportering

Eit forretningssegment er ei gruppering av eignelutar eller verksemder som tilfører produkt eller tenester, og som er gjenstand for risiko og avkastning som avvik frå andre forretningssegment. Segmentinformasjon er omtala i eigen note.

1.3. Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta er omrekna til NOK etter kursar på transaksjonstidspunktet. Valutatap og -gevinst som oppstår på slike transaksjonar, og på pengepostar i utanlandsk valuta, er bokført i resultatrekneskapen.

1.4 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre.

1.5 Verdipapir og derivat

Verdipapir består av aksjar og andelar, sertifikat og obligasjonar. Aksjar og andelar enten som omløpsmidlar og vurdert til verkeleg verdi, eller som anleggsmidlar og vurdert til amortisert kost.

1.6 Pensjonsskuldnader

Det er morbanken som har pensjonsskuldnad. Alle tilsette er på innskotsordning. Avtalen er sikra gjennom innbetalingar til forsikringselskap, og skuldnaden er utrekna av aktuar.

1.7 Eigardel i dotterselskap og felleskontrollerte verksemder

Eigardelar i dotterselskap og tilknytte selskap skal vurderast til kost etter IFRS-regelverket i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen blir desse eignelutane førte etter eigenkapitalmetoden. Det vil seie at resultatet sin del i felleskontrollerte verksemder vert løpande resultatført. Dotterselskapa blir konsoliderte i konsernrekneskapen.

1.8 Fondsobligasjon og klassifisering som eigenkapital

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har frå og med første kvartal 2016 klassifisert følgjande fondsobligasjon frå gjeld til eigenkapital:

- Evigvarande fondsobligasjon på 50 millionar kroner, utferda 2015, med rentevilkår 3M Nibor + 4,30 %. Lånet har innløysingsrett (call) 23.10.2020.

